Sogn Regionråd

Sogndal, 2. februar 2018

Søknad om bidrag til forprosjekt for «Sognefjorden Bike & Hike».

Visit Sognefjord AS søkjer om tilskot på kr. 150 000,- i 2018 til forprosjekt for «Sognefjorden Bike & Hike».

Visit Sognefjord AS er pådrivar for produktutvikling i regionen. Selskapet arbeider for auka verdi-skaping knytt til reiselivsnæringa i Sogn. Fjord Norge og NCE Tourism har ei regional satsing på sykling og vandring, og sykling som aktivitet har aukande popularitet, både i kvardagen og i ferie. Visit Sognefjord ønskjer å etablere ei sterkare satsing på sykling og vandring i Sogn. Visjonen er at Sogn skal bli «Norges Süd-Tirol» innan sykling, der sykling vert kopla til vandring, lokalmat og andre aktivitetar og overnatting. Bakgrunnen for prosjektet er mellom anna studieturen til Süd Tirol i oktober 2017.

Det er behov for ei overordna satsing på betre infrastruktur og samarbeid for å utvikla sykling som produkt. Det bør byggjast opp sykkelvegnett i regionen og få fleire bedrifter til å levera tenester til sykkelleige. Gjennom prosjektet vil ein byrja på dei strekningane som finst i dag og byggja opp rutene gradvis. Sykkelopplevingar som reiselivsprodukt kan med relativt små investeringar la seg iverksette av små aktørar/bedrifter, og kan kombinerast med annan drift/tilbod. Ei slik satsing vil involvere andre bedrifter på rutene knytt til lokal mat/ servering, aktivitetar og overnatting. Prosjektet gjeld utvikling av lett tilgjengelege sykkelvegar som har lite biltrafikk. Stisykling ligg utanfor dette prosjektet.

Som del av forstudie er det gjort ei første kartlegging av Sogn regionråd og Visit Sognefjord der ein har innhenta informasjon frå næringsansvarlege i kommunane: Kva kan vera aktuelle ruter (anleggs-vegar, avstengde bilvegar, gangvegar, stiar mv) som kan nyttast til sykling utan at det er behov for tilrettelegging, kven kan vera aktuelle aktørar for utleige og/eller guiding (aktivitetsbedrifter eller andre) og kven kan vera aktuelle aktørarar for vedlikehald og transport av syklar (sportsforretningar, verna bedrifter eller andre). Tilbakemeldingane i forstudien viser at det er interesse for å drive med utleige/guideing, og fleire reiselivsbedrifter tilbyr sykkelutleige.

Det offentlege kan ta ei rolle med å legge til rette for aktørane si utvikling og kan medverka med finansiering. Aktørane innanfor reiselivsnæringane har sjølv ansvaret for eigen aktivitet og lønnsemd. Sogn regionråd er samarbeidspart i prosjektet og vil bidra til forankring av arbeidet i kommunane.

Målet for prosjektet er å ha fleire pakka, tilrettelagde og kvalitetssikra tilbod innan sykling, profesjonell sykkelutleige og organisering av rutene, sykkelrelaterte tilpasningar på hotell og overnattingsstader (sykkelvask, sikker oppbevaring av sykkel, vask av sykkelklede), gode ordningar for bagasjetransport, skilting av offentleg veg og gode turbeskrivingar med kart (både digitalt og analogt) og auka kompetanse på marknad og distribusjon.

Forprosjektet skal konkretisere kva oppgåver/prosjektområde som prosjektet skal jobbe med og avklare korleis prosjektet skal organiserast. Vidare skal modne produkt identifiserast og løftast fram i marknaden allereie i forprosjektet. Når forprosjektet er gjennomført har Visit Sognefjord eit avgjerdsgrunnlag for å vurdera om det er formålstenleg å gå inn i ein realiseringsfase, og kva som er tilrådd innhald og organisering i hovudprosjektet.

Forprosjektet skal levera ein rapport med tilråding til modell og prosjektplan med mandat for hovudprosjektet. I løpet av forprosjektet vil det gjerast ei kartlegging av prosjektet som inneber dialog med reiselivsbedrifter og andre aktørar for å konkretisere prosjektet. Med utgangspunkt i kartlegginga i forprosjektet vil delprosjekta bli konkretisert og vil bli iverksett i hovudprosjektet.

Hovudtiltak i forprosjektet:

Dato	Tiltak
Februar- mars 2018	Sogn regionråd handsamar søknad om finansiering av forprosjektet Tenestekjøp prosjektleiing Kunnskapsinnhenting og kartlegging av gode eksempel («best practice»)
Mars - juni	Analysefase Kartlegge og identifisera aktørar og bedrifter, potensielle ruter, behov for utviklingstiltak og logistikk.
August - oktober	Konkretisera delprosjekta Vurdere finansiering av prosjektleiing og tiltaksområde i hovudprosjektet Utarbeida framlegg til prosjektplan for hovudprosjektet med innhald, finansiering og struktur for hovudprosjektet
November	Avgjerd om oppstart av hovudprosjekt
Januar 2019	Oppstart av 3- årig hovudprosjekt.

Det vil bli utarbeidd eigen prosjektplan for hovudprosjektet i løpet av forprosjektet.

For å lukkast med ambisjonane bør ein koordinera og spissa innsatsen gjennom ein prosjekt-organisering med ressursar til ein prosjektleiar. Aktuelle finansieringskjelder i hovudprosjektet er infrastrukturmidlar, næringsfondsmidlar og NCE Tourism. I tillegg vert det lagt opp til samarbeid med Fjord Norge og Innovasjon Norge om marknadsføring av produkta.

Budsjett og finansiering for forprosjektet:

Kostnader		Finansiering	
Kostnad per hovedaktivitet	**Beløp**	**Finansieringskilde**	**Beløp**
Prosjektleiing	100 000	Sogn regionråd	150 000
Møte styringsgruppa, prosjektgruppa og andre møte	20 000	Eigne ressursar /eige arbeid Visit Sognefjord, Sogn regionråd og kommunane	50 000
Kartlegging og analyse	100 000	Eigne ressursar/eige arbeid bedrifter	50 000
Reisekostnader	30 000		
Sum	**250 000**	**Sum**	**250 000**

Visit Sognefjord ønskjer ei målretta og langsiktig satsing på sykling og vandring i Sogn. Visjonen er at Sogn skal bli Norges Süd-Tirol innan sykling, der produkta vert kopla med aktivitetar, lokalmat og overnatting i heile Sogn. Aktivt samarbeid med regionar som Voss/Myrkdalen og Nordfjord vil bli vurdert i prosjektet.

Me vonar på positiv handsaming av søknaden.

Beste helsing,
Visit Sognefjord AS

Ståle Brandshaug
reiselivsdirektør

Vedlegg:

- 1) Aktuelle tiltaksområde i forprosjekt og hovudprosjekt i «Sognefjorden Bike & Hike»
- 2) Presentasjon av «Sognefjorden Bike & Hike» til næringsnettverket 20.11.17

Vedlegg 1: Aktuelle tiltaksområde i forprosjekt og hovudprosjekt i «Sognefjorden Bike & Hike»

Tiltak/hovudaktivitet	Kommentar	Forslag til løysing	Ansvar
Visjon og prosjektskisse	Sogn som Norges Süd-Tirol innan sykling Definere innleiande mål, strategiar og tiltaksområde for forprosjektet	Laga skisse for mogleg 10-års prosjektplan for utvikling. Forstudiet med ev. etablering av forprosjekt og hovudprosjekt	Visit Sognefjord (VS) i samarbeid med Sogn regionråd (SR) og næringsnettverket. Eigen prosjektleiing i for- og hovudprosjekt. Ansvar: VS og SR
Regional profil og samarbeid	Ideskisse til felles profil og overbygning for felles sykkelsatsing i Sogn	Felles merkevare og branding, regionale samarbeidsløysingar for felles sykkelprodukt med lokal forankring og eigarskap	VS
Marknadspotensiale	Kunnskap om etterspørsel, forbrukaråtferd og lønsemd	Rapporter frå Innovasjon Norge og NCE Tourism	VS
Eksempel på «best practice»	Kontakta andre regionar	Südtirol og andre regionar i Norge og utlandet	Prosjektleiar (PL)
Peika på aktuelle utviklingstiltak og logistikk	Ser på aktuell tilrettelegging for transport, skilting, sykkelutleige med retur til utleigepunkt vs transport av syklar mellom utleigestader	Avklaring i for- og hovudprosjekt	PL
Kartleggje næringsaktørar	Identifisere potensielle aktørar som kan drive med utleige av syklar og guiding	Næringsnettverket gir innspel til aktuelle bedrifter i dialog med Visit Sognefjord	PL
Kartleggje aktørar for vedlikehald og transport	Finne bedrifter som kan ta ansvar for innkjøp, vedlikehald, vidaresal av syklane og transport (t.d. Sogneprodukt, sportsbutikkar, taxi/transportselskap)	Næringsnettverket vurderer aktuelle bedrifter i dialog med Visit Sognefjord	PL

Organisering og partnarskap	Ansvarsområde for offentleg sektor vs næring. Idear/innspel til forprosjekt og hovudprosjekt	Offentleg involvering og finansiering i starten av prosjektet, knytta til investeringar av infrastruktur, materiell vs. forventning til næringsaktørar sine investeringar og ansvarsområde i dei ulike fasane av sykkelsatsinga. Forankring i regionrådet og kommunane	Visit Sognefjord i samarbeid med Sogn regionråd og næringsnettverket. Eigen prosjektleiing ved ev. for- og hovudprosjekt. Ansvar: VS og SR
Finansiering av prosjektleiing og tiltaksområde	Synleggjera moglege finansieringskjelder og ev. «anbodssystem» for kommersielle aktørar	Infrastrukturmidlar frå fylkeskommunen, bedriftsnettverk Innovasjon Norge, SIVA, Sogn regionråd og marknadsmidlar frå VS, Folkehelsemidlane og Gjensidige stiftinga (skilting og merking)	Ansvar: VS og SR